

VANG KOMMUNE

Landbruk/teknisk etat

Miljøverndepartementet
Pb 8013 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
HEMEND -07/338 -8

Arkiv:
V17

Vår dato:
15.12.2010

Endringer i rovviltforskrifta om godtgjeringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt - høyringsfråsegn.

Vang kommune syner til brev frå 3. november 2010, med forslag til endringer i rovviltforskrifta om godtgjeringsordning for forsøk på skadefelling av rovvilt. Under fylgjer vår høyringsfråsegn.


Vang kommune er særleg positiv til fylgjande punkt i forslaget til endringer:

1. Forslaget om å gje godtgjering frå dag ein av skadefellingsforsøket.
2. Forslaget om å ta bort vilkåra om at fellingsforsøket må ha pågått "regelmessig" og med tilstrekkeleg "intensitet"
3. Forslaget om å ta bort tilknytninga mellom godtgjering av tapt arbeidsforteneste
4. At ordninga med dekning av faktiske og dokumenterte utgifter blir vidareført.

Vang kommune meiner at kravet om at deltakande jegerar i rovviltjaktlaget også skal vera registrert som lisensjeger er unødvendig, og meiner at dette kravet må takast bort frå forskrifta.

Vang kommune er kritisk til forslaget om at godtgjersler til lokale fellingslag skal baserast på årlege bevilgningar. Dei kostnadane som til ei kvar tid er naudsynlege for å gjennomføre felling når skadefellingsløyve er gjeve må fullt ut dekkast av staten. Det må ikkje vera tvil om at dei lokale fellingslaga heilt ut får godtgjersler for dagar brukt til fellingsforsøk og dekning av utgifter i samband med dette.

Med helsing



Endre Hemsing
skogbrukskonsulent

Dir. tlf.: 61368421

E-post: endre.hemsing@vang.kommune.no

Side 1 av 2